



Advokatfirmaet Landsvik & Larsen AS
Jostein Kvakland
Kanalveien 11
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3191 - 22/88042

Saksbehandlar:
Lars Ottar Sagstad
lars.ottar.sagstad@alver.kommune.no

Dato:
21.11.2022

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 467/13 Namtveit

Tiltak: Endring av fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 467/13
Tiltakshavar: Terese Bondevik Skår
Ansvarleg sækjar: Advokatfirmaet Landsvik & Larsen AS

Kommune har kontrollert søknad og finn at den framleis ikkje er kolpllett. Søknad mp supplerast med følgende dok:

1. Det er i vedlagt søknad kome nabomerknad angående utviding av kai, og tilhøvet mellom denne og nabogrensa til eigedom med gbnr. 467/3. Etter det kommunen kan sjå er ikkje denne delen av nabomerknaden kommentert av ansvarleg sækjar. Syner til SAK10 §5-4 tredje ledd bokstav n) som set krav om utgreiing av nabomerknadar. Denne utgreiinga føreset at sækjar må leggje ved ei skildring av kva som er gjort for å møte merknad, eller eventuelt grunngje kvifor desse ikkje er imøtekomne. Ber på bakgrunn av dette om at dykk kommenterer denne delen av merknaden som går på plassering av kai, sett mot eigedomsgrense til nabo. Det er pr. i dag ikkje openbart for kommunen at det ligg føre private rettar til å utføre tiltak jf. §21-6.

Syner elles til at kommunen kan sette vilkår om at det vert halden oppmålingsforretning der det er behov for å klarleggje grensene for den matrikkeleining som tiltak gjeld for, jf. pbl.§21-4 femte ledd bokstav a).

Dersom dykk ynskjer å avklare desse tilhøva separat, kan søknad om utviding av kai skiljast ut i ei eiga sak. Ber om tilbakemelding på om dykk eventuelt ynskjer dette. Dette vil i tilfelle medføre at saka vert fakturert som ei eiga byggesak.

Saka vert sett i bero fram til svar ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.12.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med venleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Lars Ottar Sagstad
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Advokatfirmaet Landsvik & Larsen AS
Terese Bondevik Skår

Kanalveien 11
Slettevegen 49

5068 BERGEN
5936 MANGER